

Til

Meland kommune

UTTALE TIL SØKNAD OM Å LEGGE KUNSTGRAS PÅ GRUSBANEN VED VESTBYGD SKULE.

Viser til søknad datert 24.08.15 frå Nordre Holsnøy IL.

I denne uttalen vert konsekvensane for den daglege drift ved skulen vurdert.

-Skulen ser at dette kan bli ei viktig oppgradering av utearealet vårt. Elevrådet har hatt dette oppe som sak fleire gonger.

-Det må vera ein føresetnad at vi kan halde fram med varierte aktivitetar som vi gjer i dag. Ikkje berre fotball.

-Skulen må ha tilgang til banen i heile skuletida.

-Det er ein føresetnad at byggemateriale inkl. gummikulene er godkjende for bruk i barnehage/skule

-Behovet for tryggleik og universiell utforming må vere ivaretatt

-Grusbana har blitt brukt som parkeringsplass ved større fellesarrangement ved skulen. Eit alternativ her vil vere å opne bommen ved parkeringsplassen og sleppe parkeringstrafikk inn på plassen på andre sida av skulen. Det kan også vere eit alternativ å parkere ved Holmekrysset(Walde)

-Grusbana er også blitt brukt ved 17.mai-arrangement. Her må det vurderast om deler av dette kan flyttast til motsatt side.

-Det må monterast gode børstar slik at elevane kan kvitta seg med kulene når dei går av bana. Det kan lett bli dratt inn i skulebygget og gi utfordringar i høve til reinhald.

-Det må sjekkast om Brannvesnet har merknader til framkomst ved evt brann.

-Skulen føreset at ei kunstgrasbane ikkje medfører driftsutgifter for skulen.

FAU ved Vestbygd skule har i dag 31.08.15 gitt beskjed om at dei sluttar seg til rektor sin uttale.

31.08.15

Rolf Inge Fyllingsnes

Rektor